# TAKKNEMLEG 3. TRINN

| SKJERMEN VISER: | I TIMEN: |
|---|---|
|  | Introduser timen og start med å sjå [Takknemlighet og følelser - YouTube]() |
|  | Det er vanleg å ha vonde tankar og følelsar sjølv om mykje i livet er bra. Huskar de nokre slike vonde tankar og følelsar dei snakka om i filmen? |
|  | Kvifor var det at vi har flest vonde følelsar? Følelsar som redd, trist og sint og sånne? |
|  | Kva var det som kunne vere lurt å gjere når ein har det vondt? |
|  | Det å tenke på det som er bra, tenke takketankar, kan også hjelpe. Det skal vi jobbe vidare med no. |
|  | **Valfrie aktivitetar**<br>I desse boksene ligg ulike aktivitetar om takksemd og glede som de kan velje mellom. Dei same aktivitetane ligg på 1.-3. trinn. |
| <br>Wings \| Animated Short Film \| SVA Thesis frå Gothfrog | Vi skal sjå ein film om ei lita mus som har så lyst å fly, og ein fugl som skader vingen sin. Prøv å legge merke til når i filmen dei tenker takke-tankar i staden for å vere triste, redde eller ha andre vonde følelsar: [Wings \| Animated Short Film \| SVA Thesis - YouTube]()<br><br>Etter filmen: La du merke til når musa var takknemleg? La du merke til når fuglen var takknemleg?<br>Kva hadde skjedd dersom fuglen og musa berre var redde for kvarandre i staden for å sette pris på kvarandre? |
|  | **Øv på å takke**<br>Start med å introdusere ferdigheita for elevane:<br><br>*Når vi takkar nokon som har hjelpt oss eller gitt oss noko, kan det skje to ting som er bra:*<br>*• Den som gjorde noko fint for oss blir glad og får lyst til å gjere det igjen*<br>*• Vi får ei god kjensle inni oss*<br>*Det er altså bra både for oss og for andre – så det er lurt å leggje merke til det andre gjer for oss og gir oss, og takke for det.*<br><br>Så kan de eventuelt snakke litt om kva det er lurt å takke for, eller spørje om elevane hugsar kva dei takka for sist.<br><br>Introduser så ferdigheita å takke ved å gå gjennom dei tre trinna. For å kunne takke må vi først leggje merke til at det skjer noko vi kan takke for. Så må vi bestemme oss for å takke. Og når vi takkar, er det lurt å både sjå på den andre, smile eller vise at vi set pris på det, og seie takk. |

| | |
|---|---|
| Så kan elevane gjerne øve.<br>Kva kan elevane oppleve i løpet av ein dag som dei kan takke for? (kom på ting saman)<br>Korleis kan dei takke for dette? Øv og vis, og ha fokus på kroppsspråk, blikkontakt og tydeleg takk. | |
|  | Sjå [Thankful by The Juicebox Jukebox \| 2021 Gratitude Appreciation Kids Songs Music Thanksgiving - YouTube] |
|  | Til sist ligg det to alternative frosketid-øvingar. Forklaring ligg i boksane. |